

VISITASPROTOKOLL

**Biskopen i Bjørgvin
Halvor Nordhaug sin visitas til**

MELAND

i

Nordhordland prosti

23. - 25. og 28. april 2013

Protokoll etter nytt visitasreglement:

Program

Visitasforedrag

(Visitasinnberetning)

VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I MELAND 23.-28. APRIL 2013

Kjære kyrkjelyd!

Kva har eg som biskop sett desse visitasdagane i Meland? Ordet «biskop» tyder jo ein som ser til eller ser etter. Og noko av poenget med visitas er å hjelpa kyrkjelyden ved å koma med eit utanfråblikk.

Det eg har sett desse dagane har imponert meg. Eg er stolt over å ha ein slik kyrkjelyd i bispedømet, for **Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil**. Ein kyrkjelyd som har eit mål og ein visjon og ein strategi – som de faktisk brukar. Det har blitt tydeleg når eg har møtt stab og sokneråd og ein stor flokk med medarbeidarar gjennom denne veka.

Eg har og fått eit innblikk i kommunen gjennom møte med ungdomsskuleelevar på spørjetime, møte om skule-kyrkjesamarbeidet med lærarar, møte med representantar for Frekhaug Indremisjon og Norkirken, møte med dagsenteret, med Meland arbeids- og kompetansesenter og ikkje minst i møte med ordførar og kommunen. Eg vil takka for ei vennleg mottaking og gode samlingar med fest og konsert, og særleg for ungdomsgudstenesta med det flotte namnet Bispepuls.

Når eg no samlar mine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med mine medarbeidarar, kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og prost Geir Sørebo, vil eg ta fram nokre få tema med utgangspunkt i visjonen for bispedømet:

**SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å: - FORKYNNE KRISTUS,
- BYGGJA KYRKJELYDAR, - FREMJE RETTFERD.**

Eg har sett at Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil «byggja kyrkjelyd». Det er heilt klart etter møte med ein engasjert stab. Og det at de har 250 medarbeidarar med store og små tenester i kartoteket og at 90 møtte opp til medarbeidarfest på ein tysdagskveld, det er veldig bra. Og ikkje nok med det. Her vert det gjort eit godt arbeid med å gje vaksne eit tilbod gjennom å ha bibeltimar og 9 husgrupper, ei lovsongsgruppe og 5 gudstenestegrupper. Meland kyrkjelyd imponerar, og de er eit godt døme på kva ein kan få til når ein vil og samtidig tenker strategi.

Eg vil og gje dykk ros for at de har vald Naturlig Menighetsutvikling, NaMU, der har de både ein samtalepartner og ein måte å måla dykk sjølv på. Det er eit godt vitnesbyrd om staben sin innsats, at sjølv om det har vore tider med utfordringar, så har resultatet for kyrkjelyden vore stabilt.


Eg snakkar alltid om **gjevarteneste** på visitasar, og ofte står det dårleg til. Men her i Meland er eg imponert. Ikkje berre har de eit godt system og eit høgt tal, 260.000 kroner, men de er ikkje nøgde. De vil nå lenger, få inn fleire pengar. Det vil eg gje stor ros for. De har forstått at

kyrkjelyden må skaffa seg økonomiske musklar, eigne pengar, slik at de kan få gjennomført det de vil. Og det gjer de her på ei forbilledleg måte ved å vera konkrete, systematiske og ved å forkynna det fram. Hald fram med det.

Å bygge kyrkjelyd – det er også å fremje **einskapen i Kristus**. Det er eit krevjande tema her i Meland, men det må takast opp.

I dagens preiketekst (Joh 17,6-11) ber Jesus: «Heilage Far, hald dei fast i ditt namn, det namnet som du har gjeve meg, så dei kan vere eitt, slik som vi er eitt»

Eg vil vise dykk eit bilete som syner kva einskap er: Andrej Rubljov: «Den heilage treeinigheit» frå ca 1420. Biletet viser dei tre personane i Gud som tre skikkelsar rundt eit bord. Dei tre er teikna inn i ein sirkel, symbolet for heilskap og einskap. Dei er ulike – men ingen av dei gjer noko ut frå ein eigen agenda, dei søker alle tre det beste for einskapen.



Dette kjem og tydeleg fram i dagens preiketekst: «Alt mitt er ditt, og ditt er mitt, og min herlegdom lyser gjennom dei.» (Joh 17,10)

Dette biletet vil eg gje til Meland kyrkjelyd, alle de som er krossmerkte. Lat det vere einskap mellom dykk, slik det er einskap i Gud, så ikkje vitnesbyrdet og tenesta dykkar må verte hindra. For det er ein samanheng mellom einskap og vitnesbyrd. Høyr kva Jesus seier til oss lenger ute i same kapitlet: «Eg bed at dei alle må vera eitt, slik du, Far, er i meg og eg i deg. Slik skal dei òg vera i oss, så verda skal tru at du har sendt meg» (Joh 17,21)

Eg har sett at Meland er ein kyrkjelyd som vil «forkynna Kristus».

Forkynning skjer då også i rikt monn hjå dykk. Men eg trur at nettopp splittinga i kyrkjelyden hindrar Meland i å nå så langt ut med forkynninga som de kunne.

I Ungdomsåret 2013 finn eg det beklageleg at det einaste arbeidet som faktisk når fleirtalet av ungdomen, konfirmasjonen, blir svekka gjennom den oppsplittinga av konfirmantflokkene som no skjer. Slik det no er, vert konfirmantkullet tappa for verdifulle medspelarar, konfirmantane møter færre på eigen alder som er aktive i kyrkja og det syns eg er leit. Slik vert det tyngre å driva konfirmantarbeidet. Det alternative konfirmantarbeidet som vert

drivne blant Den norske kyrkjas medlemmer utanfor Den Norske kyrkja sine rammer, er då heller ikkje ein konfirmasjon etter vår kyrkje si ordning.

Kyrkja vil samarbeide og vil stå saman med andre arbeidslag. Som folkekyrkje har kyrkja ei mykje større kontaktflate enn andre arbeidslag. Det er ei gåve. Men som folkekyrkje treng vi aktive medlemmer som ikkje trekk seg vekk, men arbeider og vitnar om trua nettopp i møtet med det store folkekyrkjelege fellesskapet. Det gjeld særleg i konfirmantarbeidet, men også elles.

Det er lang og god tradisjon at ulike arbeidslag står saman i arbeidet fordi vi ser at vi kan utfylla kvarandre. Men når samarbeidet er vanskeleg eller manglande, er det ikkje slik vi vil ha det, men vi må forholde oss til det.

Vi vil gjerne bidra til felles innsats både for konfirmantane og i andre utfordringar som vi har saman. Ikkje alt treng å skje i regi av Den norske kyrkja sine offisielle organ, sjølvstøtt ikkje. Men eit samarbeid som tappar folkekyrkja for folk og ressursar, kan ein kyrkjelyd i Den norske kyrkja ikkje vere med på.

Eg har sett at Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil fremja rettferd ved å bygga eit godt lokalsamfunn. Her er god diakonal tenking som viser omsorg for einskildmenneske ved å ha ei utstrekkt hand til grupper som lett kan falla utanfor. Eg har hatt møte med dei ulike diakonale gruppene, besøksteneste, roseberarane, open møteplass, småbarnstreff og møteplass for ungdom. Det einaste som eg sakna var eit tilbod til uorganisert ungdom på kveldstid, for i eit samfunn i så stor vekst som Frekhaugområdet er det gull verdt.

Her gjer kyrkjelyden ein viktig innsats som eg vil be kommunen leggja merke til. For sjølv om Meland ligg godt an på statistikkar over sosiale problem, så er det ikkje til å unngå at så sterk vekst gjev grobott for problem. Difor trengs det innsats frå mange arbeidslag, gode lokalsamfunn kan ikkje vedtakast.

I utbyggingsområda i Bergen har vi sett godt følgjer av at kyrkje, idrett og velforeiningar samarbeider. Ein sa det slik: Vi vil laga eit godt lokalsamfunn. Men skal vi laga eit godt lokalsamfunn må folk bry seg om kvarandre. Skal folk bry seg om kvarandre må dei kjenna kvarandre. Skal folk kjenna kvarandre, må dei møtast. Og skal dei møtast må dei ha møteplassar. Det er det vi vil skapa.

Det slår meg stadig her i Meland at mykje godt initiativ strandar på mangelen på egna lokale. Både unge, vaksne og eldre treng ein stad for det uformelle samveret. Kyrkjelyden skal ha ros for at dei på eige initiativ leiger lokale og har skapt Møteplassen i sentrum som eit tilbod om diakoni og ungdomsarbeid. Men det er ikkje nok. Vi må ta eit steg til.

Eg har sett at Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil byggja kyrkje. Ikkje fordi det er stas å ha eit hus, men fordi ein ser at mykje verdifult arbeid stoppar opp i mangel av eit tenleg lokale. Frekhaug manglar eit hus som kan gje identitet til staden og vera ein samlingsstad for folk. Det har vore gode og fruktbare samtalar med kommunen om dette, og eg vil takka for at den positive haldninga til kyrkja. Sjølv om det er dårleg økonomi har eg det inntrykk at ein ser trongen for eit hus. Det kan godt vera ein kombinasjon av kulturformål og kyrkjelyden sine behov. Det går an å sjå for seg eit fyrste byggetrinn med ein sal som kan nyttast til gudsteneste, men og til konsertar, festar, barne og ungdomsarbeid og kulturelle formål. For det treng Frekhaug. Og det kyrkjelyden kan, som ikkje kommunen kan, er å engasjera folk til dugnad og innsamling for eit bygg som folket på Frekhaug kan kjenna at det er deira.

For at dette skal skje må kyrkjetomt på plass. Og no er prosessen i gang og eg har eit håp om at den kyrkja som Per Lønning snakka om i 1990 og Ole Hagesæter snakka om i 2000, den skal eg få vigsla. Om tre år, i 2016, skal vi feire 150 års jubileum for Meland kyrkje. Same år vil eg òg leggje ned grunnstein til det nye kyrkjebygget på Frekhaug. Lat oss bli einige om det!

Men vent ikkje med å **gå på gudsteneste** til kyrkja eller kyrkjelydsbygget er på plass. I gudstenesta gjev vi Gud den ære han skal ha, om liturgien og formene og musikken endrar seg, så er det dette som er hovudsaka. Her er de flinke til å involvera folk. Med 5 gudsteneste-grupper som tar del i førebuing og gjennomføring har de fått til det breie engasjementet for gudstenesta som den nye gudstestereforma vil utløysa.

Det viktigaste ved å vera kyrkjelyd er å gjera som kristne alltid har gjort å samlast til gudsteneste, både for di eiga skuld, for Guds skuld og for å gje eit vitnesbyrd til bygda. Særleg når det er ny kyrkje på planen er det viktig at manglande oppslutning ikkje vert eit argument mot ny kyrkje.

Eg vil avrunda med å **takka** prestane, kyrkjeverja, soknerådet og staben, alle som bidrar til å byggje kyrkjelyden. Takk til dykk som har bidratt til å skrivinga av visitasmeldinga, ho er god og innhaldsrik. Takk for flott tilrettelegging av visitasen. Takk også til prost Geir som har vore med å planlegga, leggja til rette og gjennomføre denne visitasen, og som leier presteteneste i Nordhordland og Meland på mine vegne på ein god måte.


Lat meg avslutta med å minna om visjonen til bispedømet: **SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å: FORKYNNE KRISTUS, BYGGJE KYRKJELYDAR, FREMJE RETTFERD.**


Og så vil eg gjenta utfordringane til dykk, som oppsummerar denne visitasen:

- Hald fram med å vera samarbeidsvillige, men vit når det skal dragast ei grense!
- Ta grep for å nå ungdomen, særleg den uorganiserte!
- Gå til gudsteneste regelmessig for Guds skuld og di eiga skuld!
- Få på plass kyrkjetomt og forkynn fram engasjement, gjevarteneste og dugnadsånd for eit nytt bygg!

Og med disse utfordringane takkar eg for desse dagane¹ og ynskjer Guds velsigning over Meland kyrkjelyd.

Bjørgvin bispestol, 28. april 2013,


Halvor Nordhaug



¹ Referat frå bispevisitas i Meland 23.-25. og 28. april 2013

Tysdag 23. april

Dagen starta med **samling med prestane i prostiet** på Møteplassen på Frekhaug. Sokneprest Torbjørn Aamlie opna med ein andakt før det var samtale. Prestane delte ei glede og ei utfordring og så hadde biskopen eit innlegg om forkynning av forsoning etter 22. juli.

Deretter var det **samtale med staben** om arbeidet i kyrkjelyden. Det vart uttrykt glede over samarbeidet i staben og møte med menneske i ulike samanhengar og gudstenestearbeidet. Utfordringar som vart nemnde var: rekruttering, konfirmant og ungdomsarbeidet og samarbeid med ulike arbeidslag og trongen for eit sentralt plassert kyrkjehus eller kyrkjelydssenter. Etter felles **lunsj med staben** hadde biskopen **samtale med kyrkjeverja** Anne Sofie Uthaug. På **spørjetimen** med 9.- 10. klassingane ved Rosslund ungdomsskule fekk biskopen spørsmål om både tru, tvil og samlivsspørsmål og om ikonet som vert bruka i Ungdomsåret.

Møte med lærarar på Vestbygd skule. Rektor ynskte velkomen og det vart samtale om skulegudstenester og samarbeidet mellom skulen og kyrkja. Etter middag hos Frank og Berit Nøst Dale var det **møte med Norkirken og Frekhaug indremisjon**. Arve Reigstad og Arne Johan Sæle kom frå Norkirken og Arnfinn Nordheim og Bjarne Kvam frå Frekhaug indremisjon. Det vart snakka om samarbeid om konfirmantarbeidet og om kva konsekvensar det får for det kristne vitnesbyrde når mange aktive kristne konfirmantar vel annan konfirmasjon. Det vart og snakka om innhaldet i Ten-tro si undervisning.

Om kvelden var det **medarbeidarsamling** på Frekhaug bedehus med 90 medarbeidarar. Det vart eit variert program med mykje song og musikk og servering av middag. To små jenter intervjuar biskopen før han heldt festtalen.

Onsdag 24. april

Møte med fokus på trusopplæring på kyrkjekontoret. Det vart snakka om prosjektfasen som ikkje lukkast så godt og korleis ein ser for seg vegen vidare i trusopplæringa og konfirmant- og ungdomsarbeidet. Deretter hadde biskopen **samtale med undervisningsprest** Steinar Snesås Skauge. Biskopen hadde **andakt på dagsenteret for eldre** før det var **lunsj med kommunen**.

Det var **samtale med kommuneleiinga**. Biskopen takka for den positive velvilje kommunen viser kyrkje, mellom anna ved at ordføraren sit i fellesrådet. Deretter var det samtale om

- Utfordringane med stor folkeauke
- Kyrkja vil vera medaktør for å bygga gode lokalsamfunn, særleg mot born og unge
- Trongen for eit egna lokale det folk bur, ei kyrkje eller eit kyrkjelydsbygg som ikkje berre er sundagskyrkje, men ei sjudagars kyrkje som open for kulturarrangement og kan vera ein møteplass for Frekhaug
- Ungdom og rus

Det var **ekskursjon til kyrkjetomta** og deretter var det **møte med kyrkjekomiteen** med gjennomgang av kart og planar. Biskopen og følge spiste **middag saman med ungdomsleiarar** på møteplassen, deretter var det samtale om konfirmant- og ungdomsarbeidet.

Om kvelden var det **ungdomsgudsteneste, Bispepuls** der Steinar Skauge forretta og forkynte og ungdomsarbeidar Ruben Sæle spelte gitar og leia lovsongen.

Torsdag 25. april

Biskopen hadde **samtale med soknepresten** Torbjørn Aamli før det var **møte med fokus på diakoni** på Møteplassen der biskopen fekk snakka med dei som var aktive med seniorarbeidet, Rosebærarane, besøkstenesta. "Open møteplass", "Møteplassen ungdom" og Småbarnstreff. Deretter var det **lunsj på Meland Arbeids og Kompetanse-Senter m/omvisning** på arbeidssenteret sine ulike avdelingar. Biskopen hadde **samtale med soknerådsleiar** før felles **middag med stab og sokneråd**.

Samrådsmøte med stab og sokneråd. Prost Geir Sørebø leia møtet og opna med eit bibelord og deretter var det samtale om:

- Ny kyrkje, korleis ein kan finansiera når ein ikkje kan rekna med midlar frå kommunen. Behovet for å utvikla kyrkjelyden gjennom eit lokale. Samarbeidet med bedehuset er i annleis no. Kan ein sjå for seg eit felles bygg med andre, med gudstenesterom som kan brukast til kulturtilbod.
- Prestestilling frå bispedømet når folketallet er 7000 og går mot 12000 i 2030. Korleis halda på dei andre stillingane, som undervisningsprest. Ein må ikkje bli straffa fordi ein er flink og har gjevarteneste. Biskopen sa at gjevartenesta i Meland er førebileteleg.
- Ungdomsarbeidet og trusopplæringa. Må jobba for å få fleire med på gudsteneste. Trusopplæringsplanen må forankrast godt i sokneråd og hjå medarbeidarar. Samarbeidsrelasjonane må vera klare og ikkje slik at dei slit på kreftene.
- Samarbeid med andre forsamlingar. No er samarbeidet med Normisjon og Indremisjonen vanskelegare. Ein må ha tydelege avtalar. Kyrkja vil samarbeida, men det går ei grensa for kva som er mogeleg. Vanskeleg med konfirmantarbeid når Normisjon har eige konfirmantarbeid.
- Strategiarbeidet. Kyrkelyden brukar Naturlig menighetsutvikling, NaMU og det har vore til hjelp fordi ein har hatt god rettleiing, og sjølv i vanskelege tider har ikkje kvaliteten på kyrkjelyden gått ned. Biskopen sa: Det er positivt med NaMU, det er viktig at de brukar eit menighetsutviklingsprosjekt, det er ikkje viktig for meg kva for eit de brukar. Det er bra at det er bibelundervisning kvar veke på Møteplassen, det er svakt hos mange kyrkjelydar.

Etter samrådsmøtet var det "Frå salmar til jazz" – kulturkveld/konsert i Meland kyrkje der biskopen hadde eit innlegg om kultur.

Sundag 28. april

Visitagudsteneste m/visitasforedrag. Soknepresten hadde informasjon og prosten nådehelsing. Då løva kom inn for å henta borna til sundagsskulen hadde biskopen ein liten samtale med løva. Biskopen preika over dagens tekst, Joh 17,6-11 og forretta nattverden ved intinksjon som saman med prosten, prestane og medliturgar vart delt ut ved tre stasjonar i kyrkja. Gudstenestelaget stod for forbøna. Kora Octavia og Felix deltok med song og Siren Godø med liturgisk dans under postludiet. Etter postludiet heldt biskopen sitt **visitasforedrag** og så var det ståande **kyrkjekaffi** i kyrkja.